

Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom

Føremål med tilskotsordninga

Tiltaka som får tilskot skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fysisk aktiv kvar dag.

Kven kan søke

Regionale ledd av frivillige organisasjonar innan idrett og friluftsliv kan søkje om tilskot til aktivitet i sine lokallag og klubbar. Om organisasjonen har fleire søknadar skal dei prioritere desse. Andre aktørar kan vurderast særskilt.

Søknadsfrist

15. februar

Kva kan støttast

Prosjekt som gjer det enklare for barn og ungdom å vere aktive i lokalmiljøa der dei bur og veks opp. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til kommunar og organisasjonar. Tiltak med stor grad av medverknad blir prioritert. Organisasjonar vert oppmoda til å samarbeide om tiltak på tvers av kommunane i fylket.

Desse tiltaka vil bli prioriterte i 2020

- Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv
- Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule.
- Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom.
- Tilskot til utvikling og utprøving av nye aktivitetar

Støtte og finansiering

Gode prosjekt blir støtta med tilskot frå 50.000 til 200.000 kroner. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil 300 kroner per/time).

Følgjande vilkår må vere oppfylt for at tilskot skal kunne tildelast

- Midlane skal gå til prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom med hovudfokus på nærmiljøprosjekt.
- Det blir ikkje løyvd tilskot til drift, eller til anlegg som kan søkje spelemidlar. Tiltak som har fått tilskot i tre år i denne ordninga blir ikkje prioriterte.
- Fylkeskommunalt tilskot/søknadssum kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale kostnadane.
- Tiltaket må gjennomførast innan utgangen av tildelingsåret.

Vurdering

Tildeling av tilskot til søknader som fyller vilkåra blir vurdert med utgangspunkt i formålet med ordninga, der det mellom anna blir lagt vekt på følgjande moment:

- I kva grad det har vore medverknad frå målgruppa i utvikling og gjennomføringa av tiltaket.
- I kva grad det er samarbeid med andre aktørar (kommunar og organisasjonar).
- I kva grad bygger tiltaket ny kompetanse og om det har overføringsverdi.

Vedtak

Kultur- og idrettsavdelinga førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunngjevast. Utvalet har møte ein gong i månaden.

Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon til at vedtak kan gjerast. Søknaden skal fremjast på elektronisk søknadsskjema og m.a. innehalde: Dokumentasjon som kort gjer greie for målet for tiltaket, korleis arbeidet er planlagt gjennomført, kven som er involvert, framdriftsplan og ei skildring av korleis tiltaket skal vidareførast etter tilskotsperioden. Finansieringsplan/budsjett for tiltaket. Om tiltaket er støtta/søkt om frå andre fylkeskommunale/statlege tilskotsordningar, skal dette informerast om i søknaden. Mangelfull søknad vert ikkje handsama.

Oppfølging og rapportering

Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 15. januar påfølgande år. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av gjennomførte tiltak og ev. avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Ev. dokumentasjon i form av foto, link til nettside, avisutklipp e.l. Vestland fylkeskommune og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at tilsegn vert gjort om heilt eller delvis. Om tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Vesentlege avvik frå prosjektsøknaden kan føre til tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til vlfk@vlfk.no.

Vi gjer merksam på at søkjarar etter Forvaltningslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.